

Sto i nettutgåva til «Firda» (lokalavis Sogn og fjordane) 16 mai 2017

- [Hyllestad](#)
- [Næringsliv](#)
- [vitenskap og teknologi](#)



KUNNSKAP: Anette Bøe Wolff (t.v) og Bergithe Eikeland Oftedal gir råd og informasjon om genetik. (Foto: PRESSEFOTO: Finurleg As)

Av [Bent Are Iversen](#)

Publisert i FIRDA: 16. mai 2017, kl. 14:10 Sist oppdatert: 16. mai 2017, kl. 15:45

HYLLESTAD: Nytt firma skal gje råd om genteknologi.

Dei seinare åra har genteknologien gjort store framsteg. Ord som DNA, genmodifisering og genteknologi er ofte å sjå i media. Det er ingen tvil om at moglegheitene er svært store, samstundes manglar det ikkje på åtvaringar om like store faremoment. Dessutan er det store, og til dels ubesvarte etiske spørsmål på feltet, og lovgjevinga heng ikkje med i svingane.

Anette Bøe Wolff og Bergithe Eikeland Oftedal vil gjerne bidra til folkeopplysing om genetikk, og har starta rådgjevingsfirmaet Mendelia. Hovudkontoret er i Leirvik, heimstaden til Bøe Wolff.

## **Genteknologi er ikkje noko vi bør frykte**

– Genteknologien har fantastiske moglegheiter, men den må brukast riktig for det finst og farar. Dersom det var meir informasjon tilgjengeleg og større fokus på genetikk i samfunnsdebatten kunne vi tatt slike diskusjonar før vi hamnar i situasjonar som fører til handling, som ofte fører til forbod eller regulering. Genteknologi er ikkje noko vi bør frykte, men eit fantastisk verktøy som bør brukast konstruktivt, skriv dei i ei pressemelding.

Begge har doktorgrader i molekylarbiologi, det vil seie læra om det som skjer inne i cellene i kroppen. Genetikk er læra om arv. Firmanamnet er inspirert av Gregor Mendel som vert rekna som genetikkens far.

– Målgruppa er alle som ønsker seg nyansert informasjon om genetikk. Til dømes pasientorganisasjonar som ønsker seg artiklar og foredrag om temaet. Nedslagsfeltet vårt er hovudsakleg på vestlandet, og med dagens verktøy for kommunikasjon er det ikkje så viktig kor vi er basert, seier Bøe Wolff.

## **Mykje kunnskap dei ønsker å dele**

– Vi er ikkje helsepersonell og har ikkje lov til å tolke konkrete DNA-data, men vi har mykje kunnskap om genetikk som vi ønsker å dele med folk, skriv Mendelia i pressemeldinga.

Det er no svært enkelt å bestille gentestar på internett, men resultatata er ikkje alltid like enkle å tolke.

– Det er mange som får problem etter at dei til dømes oppdagar ein disposisjon for Alzheimer eller brystkreft, eller feiltolkar resultat frå gentestar bestilt over internett. Vi må ikkje skape eit samfunn der vi testar oss sjølv sjuke. Genetikken er for kompleks og viktig til at vi kan basere samfunnsdebatten på skremselspropaganda og påstandar om mirakelkurar, avsluttar pressemeldinga.

– Vi har begge forskarstillingar ved Universitetet i Bergen, men på sikt håpar vi at dette er noko vi kan leve av, seier Bøe Wolff til Firda.